



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 11

(2004–2005)

## Om endring av løyvingar mv. for 2004 på Samferdselsdepartementets område

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 12. november 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram ein del saker under programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.30 Vegformål, 21.50 Jernbaneformål og 21.60 Samferdselsberedskap.

Proposisjonen gjeld desse sakene:

- Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1301, post 21 Utgreiingar om miljø, trafikktryggleik mv., med 1 mill. kr mot tilsvarende reduksjon av kap. 1360, post 30 Transport- og sambandsanlegg, utstyr mv.
- Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar, med 75,6 mill. kr.
- Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 35 Vegutbygging i Bjørvika, med 3,2 mill. kr mot tilsvarende reduksjon av kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar.
- Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1322, post 92 Opptreksrenter, med 17 mill. kr.
- Det blir foreslått å redusere løyvinga på kap. 4321, post 80 Utbyte, med 28 mill. kr.
- Det blir orientert om kva som er gjort med tilbakebetaling av løyving som blei gitt til Jernbaneverket ved terminering av fiberkabelavtala mellom Jernbaneverket og Telenor.

### 2 Programkategori 21.10 Administrasjon m.m.

#### Kap. 1301 Forsking og utvikling mv.

*Post 21 Utgreiingar om miljø, trafikktryggleik mv.*

Ein stor del av løyvinga på kap. 1301, post 21 Utgreiingar om miljø, trafikktryggleik mv., vil i 2004 gå til ulike oppdrag i samband med prosjektet «Konkurransse om sporet». Dette har ført til at det har blitt noko for lite midlar til andre viktige prosjekt. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1301, post 21 Utgreiingar om miljø, trafikktryggleik mv., med 1 mill. kr, frå 15,5 mill. kr til 16,5 mill. kr. Auken blir dekt inn ved å redusere løyvinga på kap. 1360, post 30, med same beløp, jf. omtalen under kap. 1360.

### 3 Programkategori 21.30 Vegformål

#### Kap. 1320 Statens vegvesen (jf. kap. 4320)

*Post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar*

I ein dom 6 august 2004 i Salten tingrett blei Ofotens og Vesteraalens Dampskibsselskab ASA

(OVDS) dømt for grovt bedrageri mot staten etter straffelova. Dommen gjeld for mykje utbetalt tilskot til riksvegferjedrifta for åra 1995–2002. I tillegg er det inngått avtale med OVDS om erstatning for åra 1992–94. OVDS skal betale til saman 103,6 mill. kr til staten i 2004.

Misleghaldet til OVDS i perioden 1992–2002 har ført til at vegbudsjettet har blitt svekt ved at riksvegferjedrifta blei tilført meir midlar enn nødvendig. Dette har spesielt gått ut over budsjettet for drift og vedlikehald. Departementet foreslår at 75,6 mill. kr av erstatninga frå OVDS blir ført tilbake til kap. 1320, post 23. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., med 75,6 mill. kr, frå 5 754 700 000 kr til 5 830 300 000 kr.

#### *Post 30 Riksveginvesteringar*

Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar, med 3,2 mill. kr, frå 4 543 900 000 kr til 4 540 700 000, jf. omtalen under kap. 1320, post 35.

#### *Post 35 Vegutbygging i Bjørvika*

For å sikre nødvendig framdrift i planlegginga for bygging av ny senketunnel i Bjørvika foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 1320, post 35 Vegutbygging i Bjørvika, med 3,2 mill. kr, frå 30,2 mill. kr til 33,4 mill. kr, jf. omtalen under kap. 1320, post 30.

### **Kap. 1322 Svinesundsforbindelsen AS**

#### *Post 92 Opptreksrenter*

Løyvinga til opptreksrenter for kvart år er eit overslag basert på kalkulert rente i samsvar med trekk på låneramma og inngått låneavtale mellom staten v/Samferdselsdepartementet og Svinesundsforbindelsen AS. Rentenivået er no lågare enn då budsjettet for 2004 blei vedteke. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1322, post 92 Opptreksrenter, med 17 mill. kr, frå 30 mill. kr til 13 mill. kr.

### **Kap. 4321 Mesta AS**

#### *Post 80 Utbyte*

I budsjettet for 2004 er det løyvd eit utbyte på 160 mill. kr på kap. 4321, post 80 Utbyte. Det kan maksimalt takast ut 132 mill. kr i utbyte frå Mesta for rekneskapsåret 2003, jf. §§ 8–1 og 8–2 i aksjelova.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 4321, post 80 Utbyte, med 28 mill. kr, frå 160 mill. kr til 132 mill. kr.

## **4 Programkategori 21.50 Jernbaneformål**

### **Tilbakebetaling av løyving i samband med terminering av fiberkabelavtale mellom Jernbaneverket og Telenor**

Riksrevisjonen har teke opp med Samferdselsdepartementet kva som blei gjort med omsyn til kravet om at Jernbaneverket skulle betale tilbake løyvinga som blei gitt ved terminering av fiberkabelavtala mellom Jernbaneverket og Telenor i samband med at eigarskapen av BaneTele AS blei overført frå staten v/Jernbaneverket til staten v/Nærings- og handelsdepartementet frå 20. desember 2002.

Samarbeidsavtala mellom Jernbaneverket og Telenor AS om bruk av Jernbaneverkets fiberkabelnett blei terminert i 1997. Telenor hadde betalt eit forskot for bruken av Jernbaneverkets fiberkabelnett som Jernbaneverket måtte betale tilbake store delar av ved termineringa av avtala. Dette blei løyst ved at Jernbaneverket fekk ei tilleggsloyving på 208 mill. kr, jf. St.prp. nr. 27/Innst. S. nr. 58 (1998–99). Ein føresetnad for denne løyvinga var at inntekter frå kommersiell utnytting av fiberkabelnettet og seinare som utbyte frå BaneTele til Jernbaneverket då denne verksemda blei gjort om til aksjeselskap, skulle dekkje inn beløpet som blei betalt tilbake til Telenor. Dette blei gjort ved at Jernbaneverket ikkje fekk disponere leigeinntekter og seinare utbyte frå denne verksemda før beløpet var dekt opp. Beløpet som skulle betalast tilbake, blei ikkje ført i statsrekneskapen, men framstod som ein handlingsregel for når Jernbaneverket skulle få rett til å disponere meirinntekter frå denne verksemda. Dei blei førte til inntekt på kap. 4350, post 04 (seinare kap. 5671, post 81 Utbyte (frå BaneTele AS)).

Ved handsaminga av St.prp. nr. 80/Innst. S. nr. 274 (2000–2001) blei det lagt opp til at beløpet som var utbetalt til Telenor, skulle dekkjast opp ved utbyte frå BaneTele AS. I sitt svar til Riksrevisjonen har Samferdselsdepartementet uttala at frå det tidspunkt forvaltninga av eigarskapen i BaneTele AS blei overført frå Samferdselsdepartementet v/Jernbaneverket til Nærings- og handelsdepartementet, fall kravet om tilbakebetalinga vekk, då eit ev. utbyte frå BaneTele AS ikkje lenger ville bli utbetalt til Jernbaneverket. Då selskapet blei overført frå Jernbaneverket utan økonomisk vederlag, meiner Samferdselsdepartementet at grunnlaget for å opp-

retthalde kravet mot Jernbaneverket ikkje lenger er til stades.

1360, post 30 Transport- og sambandsanlegg, utstyr mv., med 1 mill. kr, frå 1 080 000 kr til 80 000 kr, jf. også omtalen under kap. 1301, post 21.

## 5 Programkategori 21.60 Samferdselsberedskap

---

Samferdselsdepartementet

### Kap. 1360 Samferdselsberedskap

t i l r å r :

*Post 30 Transport- og sambandsanlegg, utstyr mv.*

Med overføringar har det vore nestan 8 mill. kr til disposisjon på posten i 2004. Kjøp av kryptert elektronisk samband er utsett. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap.

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av løyvingar mv. for 2004 på Samferdselsdepartementets område.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring av løyvingar mv. for 2004 på Samferdselsdepartementets område i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endring av løyvingar mv. for 2004 på Samferdselsdepartementets område

## I

I statsbudsjettet for 2004 blir det gjort følgjande endringar:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1301		Forsking og utvikling	
	21	Utgreiingar om miljø, trafiktryggleik mv., blir auka med ..... frå kr 15 500 000 til kr 16 500 000	1 000 000
1320		Statens vegvesen (jf. kap. 4320)	
	23	Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., <i>kan overførast, kan nyttast under post 30 og post 72</i> , blir auka med ..... frå kr 5 754 700 000 til kr 5 830 300 000	75 600 000
	30	Riksveginvesteringar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23, post 31, post 33 og post 72</i> , blir redusert med ..... frå kr 4 543 900 000 til kr 4 540 700 000	3 200 000
	35	Vegutbygging i Bjørvika, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 30 200 000 til kr 33 400 000	3 200 000
1322		Svinesundsforbindelsen AS	
	92	Opptreksrenter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 30 000 000 til kr 13 000 000	17 000 000
1360		Samferdselsberedskap	
	30	Transport- og sambandsanlegg, utstyr mv., <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 1 080 000 til kr 80 000	1 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4321		Mesta AS	
	80	Utbyte, blir redusert med ..... frå kr 160 000 000 til kr 132 000 000	28 000 000